KVINNHERAD
KOMMUNE
Seksjon forvaltning

Goodtech AS
Avd. Trondheim v/ Rune Skaufel,
Vestre Rosten 78,
7075 Tiller

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| **Torill Slåke** | **98298302** | **2018/2308-4** | | **06.12.2018** |

# Løyve til tiltak etter hamne og farvasslova – delegert vedtak

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Legging av strømkabel til lokalitet Nebbo 24937 |
| Gnr/bnr: | - |
| Byggestad/adresse: | Husnes, Kvinnherad |
| Tiltakshavar: | Lingalaks AS, v/ Oddbjørn Dankel, Grovabrotet 8, 5600 Norheimsund |
| Ansvarleg søkjar: | Goodtech A, Avd. Trondheim v/ Rune Skaufel, Vestre Rosten 78, 7075 Tiller |
| Matrikkel: | - |

***Delegert vedtaksnr.: 2018/538***
*Med heimel i Hamne- og farvasslova § 27 første ledd, vert søknad journalført 03.08.2018 og tilhøyrande situasjonsplan godkjent.*

**Vilkår:**

1. Det må sendast inn melding vedlagt kart der leidninga er teikna inn og nøyaktig posisjon oppgjeve i WGS 84. Meldinga sendast til EFS/ Statens Kartverk Sjø, Pb60, 4001 Stavanger straks tiltaket er ferdig.

***Tiltaket kan igangsetjast straks.***

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

**Grunnlag for løyvet**

## Hamne- og farvasslova

Tiltaket er vurdert til ikkje å vera til hinder for:

- Allmenn sjøverts ferdsle i området
- Omsynet til andre næringar
- Omsynet til helse, miljø og materielle verdiar
- Tiltaket er vurdert ikkje å ha konsekvensar for fiskerinæringa

## Tilhøvet til plan, andre lover og andre mynde:

- Planstatus: Området er avsett til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen for Kvinnherad vedtatt 22.03.2018. Tiltaket vil ikkje koma i strid med arealbruken.
- Uttale frå Avd. for vatn og avløp i e-post dat. 06.12.2018: Kvinnherad kommune og Kvinnherad Energi AS løyser legging av el-kabel slik at den ikkje kjem i konflikt med kommunal avløpsleidning.
- Tiltaket treng ikkje behandlast etter plan- og bygningslova, jf. § 20-5, sak10 § 4-3 d)
- Tiltaket treng ikkje dispensasjon frå tiltaksforbodet i plan- og bygningsloven § 1-8 (100 m beltet i strandsona), då ingen interesser eller føremål i lova vert råka av tiltaket. Tiltak i strandsona må gjerast skånsamt og vera lite synleg når tiltaket er utført.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Tiltakshavar må sikra nødvendige privatrettselge rettar og kontakta aktuelle grunneigar før tiltaket vert utført.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynder.



**Merknader**

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: ***www.lovdata.no***

*For rådmannen i Kvinnherad*

Torill Slåke
*Sakshandsamar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

**Kopi til:**
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø

Lingalaks AS v/ Oddbjørn Dankel